



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 13.02.2019
Vår ref.: 2019/793-5
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Harry Finseth

Kulturminnefagleg fråsegn - krav om marinarkeologisk registrering – etablering av sjøledning - Litlebergen- Isdalstlø

Me viser til e-post av 24.01.19 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, samt e-post frå Bergens Sjøfartsmuseum datert 12.02.19. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional mynde innan kulturminnevern.

Både spillvass- og drikkevassleidninga skal i hovudsak leggst i sjø. Grøftetraseen kryssar over Flatøy. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune omfattar bare grøftetraseen over land, me visar til fråsegn frå Bergens sjøfartsmuseums med omsyn til tiltak i sjø.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune seier seg einig i Norconsults vurdering av tiltaksområdet på land, der konklusjonen er at funnpotensialet er begrensa på bakgrunn av høgde over havet. I samband med planarbeid for kommunedelplanen for Flatøy blei det gjennomført arkeologiske registreringar i området der grøfterassen er vist. Me ser derfor undersøkingsplikta, jf. kulturminnelovas § 9, for oppfylt og har difor ingen merknader i saka. Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Me ber også om at det under utføringa av arbeidet vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m..

Bergens Sjøfartsmuseum

Forholdet til marine kulturminne - Krav om marinarkeologiske registreringar.

Me viser til e-post dagsett 24.01.2019.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Tiltaksområdet ligger i et prioritert område for marine kulturminne med fleire lausfunn. Potensialet for ytterligere verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderar me derfor for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum krev som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller

maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum for gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
STIFTELSEN BERGENS
SJØFARTSMUSEUM